



DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Statnett SF
Postboks 5192 Majorstuen
0302 OSLO

Statnett SF

SAKSNR.: 05/191	DOK.NR.: 8	
REG. DATO: 10 JUL 2006	AVD./SAKSBEH.: UI/ARY	
BEHANDLET:		
Måte	Dato	Sign.

Dykkar ref
05/191

Vår ref
03/00538-29

Dato
7 JUL 2006

Skåreheia - Holen - krav til oppdaterte undersøkingar

NVE ga Statnett konsesjon til bygging og drift av 420 kV kraftline Skåreheia - Holen i 1999. Konsesjonen blei påklaga til Olje- og energidepartementet. Klagehandsaminga vart utsett etter ønskje frå Statnett. I brev frå 9.1.2006 ber Statnett om at arbeidet med konsesjonshandsaming blir teke opp att.

Departementet ønskjer at Statnett skal gjere ytterlegare undersøkingar før avsluttande klagehandsaming av saka. Krava departementet stiller til Statnett er basert på innspel frå kommunar, andre styresmakter, organisasjonar og grunneigarar. Departementet viser særleg til NVE sitt oppsummerande notat frå 4.7.2006.

Departementet legg til grunn at følgjande punkt skal undersøkast:

1. Samfunnsøkonomiske vurderingar

Statnett skal oppdatere den samfunnsøkonomiske vurderinga som ligg til grunn for prosjektet. Dette omfattar blant anna ei utgreiing for investeringskostnader, endra tapkostnader, endra flaskehalskostnader, endra avbrotkostnader og endra drifts- og vedlikehaldskostnader.

Statnett skal òg gjere greie for kvifor ei kraftline frå Skåreheia til Holen er ei betre løysing sett i høve til andre systemløysingar i samband med NorNed-kabelen ut frå samfunnsøkonomiske vurderingar

2. Kabling

Mange av dei innspela som har kome til NVE er knytt til krav om kabling av kraftlina, mellom anna kabel i Brokketunnelen og ved kryssing av Setesdalen. Statnett må gjere nærare greie for kostnadene ved kabel som alternativ til luftline. Utgreiinga skal spesifisere kabelkostnader, skøytekostnader, endeavslutningar med meir og grøftkostnader.

Ved kabellegging i Brokketunnelen skal kostnader ved å ta ut Brokketunnelen av drift samt tekniske utfordringar spesifiserast. Statnett skal òg vurdere skilnaden i kostnader for luftline og kabel i høve til levetida til installasjonane. Statnett bør òg få fram skilnaden i nettapet ved bruk av luftline og kabel.

Det bør òg vurderast kva som er tryggast for energiforsyninga, kabel eller luftline.

3. Villrein

Statnett skal gjennomføre eit kartleggingsarbeid knytt til villreinens framferd, rørsler og arealbruk i det aktuelle området. Departementet legg til grunn at Statnett snarast råd tek kontakt med kompetent fagmiljø for å gjennomføre undersøkinga og at arbeidet kjem i gong så snart som råd. Undersøkinga skal baserast på feltundersøkingar, litteraturgjennomgang og kontakt med lokale/regionale ressurspersonar.

4. Brokkelina

Konsesjonen for Brokkelina gjekk ut 1.1.2004. NVE ga Otra Kraft DA fornya konsesjon i 2003. Konsesjonen vart påklaga til OED. Departementet har enno ikkje teke avgjerd i saka.

Langs Brokkelina er det tre eksisterande produksjonsanlegg; Hekni, Hovatn og Jørundland. I tillegg er det eit kraftverk i Froland som har planlagt tilkopling til Brokkelinettet.

I samråd med Otra Kraft DA skal Statnett utgreie om transformering til 420 kV kan gjere det mogleg å sanere heile eller delar av Brokkelina. I vurderinga skal det påvisast kva for tiltak som må gjennomførast i Agdernettet og kva kostnad dette har. I vurderinga må det gjerast greie for moglege alternativ som transformering i Senumstad og nye netttiltak. Det bør òg vurderast kva for verknad ei sanering av Brokkelina har for drifta av sentralnettet med omsyn til leveringskvalitet, flaskehalskostnader med meir.

Departementet ber og om at restlevetida og restverdien av Brokkelinettet fastleggast og kostnadene ved reinvestering estimerast.

Departementet har i brev av i dag til Otra Kraft DA bede om at foretaket saman med Statnett greier ut dei spørsmål som er teke opp under dette punktet.

5. Elektromagnetiske felt

Statnett skal gjera greie for kor mange bygningar som kan bli utsett for eit magnetfelt over 0,4 microtesla i årsgjennomsnitt. Tiltak og verknader av tiltak skal drøftast. Det skal gjerast greie for føresetnadene for utrekning av magnetfeltstyrke og korleis feltet strekk seg ut til sidene frå kraftlinas senterline.

Departementet ber om å få oversendt resultatane av undersøkingane innan 15. september. Departementet vil så sende ut rapporten på høyring.

Departementet ønskjer å halde synfaring tysdag 17. oktober 2006. På synfaring kan alle interesserte møte og kome med sine synspunkt.

Etter fullmakt



Per Håkon Høisveen
ekspedisjonssjef



Harald Solli
avdelingsdirektør

Kopi:

NVE

Alle som har kome med uttale i saka

Valle kommune
4747 VALLE

Bykle kommune
4754 BYKLE

Bygland kommune
4745 BYGLAND

Åmli kommune
Administrasjonsbygget
4865 ÅMLI

Froland kommune
Osedalen
4820 FROLAND

Birkenes kommune
Postboks 115
4795 BIRKELAND

Fylkesmannen i Aust-Agder
Fylkeshuset
Serviceboks 606
4809 ARENDAL

Aust-Agder fylkeskommune
Serviceboks 606
4809 ARENDAL

Norges Jeger- og Fiskeforbund Aust-Agder
v/ Olav Schrøder
Industriveien 10
Stoa
4848 ARENDAL

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene landskapsvernområde
Forvaltningssekretariatet
c/o Valle kommune
4747 VALLE

Setesdal-Ryfylke Villreinemnd
Dallonavn. 8
4621 KRISTIANSAND S

Valle/Rysstad Reiselivslag
v/ Ørnulf Hasla
4748 RYSSTAD

Førevann Eiendom AS
v/ Kåre Usterud
Langedal 24b
4820 FROLAND

Grunneierne i Åmli, Bø og Berg
v/ Olav Bø
Ylivn. 16
3677 NOTODDEN

Arnt Dyrstad
Bordalssløyfen 16
4639 KRISTIANSAND S

Grunneiere i Bygland kommune
v/ Anders Dalseg
4745 BYGLAND

Karin Faremo og Arild Sibbern
Erkleivveien 7
4700 VENNESLA

Else Lind Løyland
4747 VALLE

Karin Løyland
4747 VALLE

Grunneiere fra Dale, Løyland og Røysland
v/ Else Lind Løyland
4747 VALLE

Frøydis og Jørn Unneland
v/ Advokatfirmaet Hjort DA
Postboks 471 Sentrum
0105 OSLO

Hallvard Homme
Sygard Bø
4747 VALLE

Olav Jore
Terneveien 28
4847 ARENDAL

Grunneiere i Bygland kommune
v/ Knut Haugetveit
4745 BYGLAND

Statnett SF
Postboks 5192 Majorstuen
0379 OSLO